

**Notat**

Dato: 07.01.2019  
Arkivsak: 2016/2550-41  
Saksbehandlar: inggase

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Kulturrådet si vurdering av musea i 2017

Kvart år leverer Kulturrådet inn statusrapport til Kulturdepartementet om musea i det nasjonale museumsnettverket. Dei konsoliderte musea i Hordaland og musea i Sogn og Fjordane er ein del av dette nettverket. Dette er den tredje gongen Kulturrådet sine faglege vurderingar av musea vert offentleg tilgjengeleg. Det har vore stor interesse for materialet, både frå musea og frå ulike avgjerdstakarar.

Resultatet viser mellom anna korleis musea har nådd måla som er forankra i:

- Føringar i Kulturdepartementet sitt tilskotsbrev
- Generelle føringar gjennom styringsdokumenter og -signaler, og
- Faglege forventingar til korleis ein profesjonelt driv eit museum

Musea har sjølv formulert måla for 2017. Kulturrådet sine vurderingar er difor i større grad avhengig av kva hovudstrategiar musea sjølv legg til grunn, utan at alle museumsfaglege hovudområder nødvendigvis vert omtalt i rapporteringa.

Presentasjon av kvart enkelt museum består av to delar; ein tekstromtale og eit faktaark med nøkkelopplysningars. Rapporten syner at musea vurderer forholdet mellom dei tre hovudområda formidling, samlingsforvalting og forsking ulikt. Dei fleste musea er gode på samlingsforvalting, men har store utfordringar knytt til magasinering. Det er utfordringar knytt til bygningsvern, digitalisering og store samlingar i forhold til tilgjengelege ressursar. Musea hadde i 2017 om lag 2% auke i besøkstal frå 2016.

Hovudutfordringar knytt til formidling viser at det er:

- Behov for oppgradering av eldre utstillingar
- Behov for heilårs formidlingsbygg der det manglar
- Behov for universell utforming i musea sin digitale formidling

Hovudutfordringar knytt til samlingsforvalting er:

- Restansar innan digitalisering og tilgjengeleggjering
- Manglande magasinkapasitet
- Vedlikehaldssetterslep, spesielt på bygningar

Hovedutfordringar knytt til forsking er:

- Musea har eit potensiale som relevante forskingsinstitusjonar som ikkje er utnytta
- Om lag ein tredjedel av musea manglar rapportering, forskingsplan, fagfellevurderte publikasjonar
- Manglande FoU-samarbeid

Fylkesrådmannen har teke utdrag av rapporten som gjeld musea i Hordaland inkludert Nynorsk kultursentrum som eig Haugesenteret i Ulvik, samt Musea i Sogn og Fjordane.

For meir informasjon om heile rapporten sjå:

[https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/museene-i-2017-kulturradets-vurderinger-av-museene-i-det-nasjonale-museumsnettverket?fbclid=IwAR0t6xvAMpVJuWP49mDeyWbir5iVeKT-oVnPV0\\_koFi-IOFWYhh\\_Yz6x0sQ](https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/museene-i-2017-kulturradets-vurderinger-av-museene-i-det-nasjonale-museumsnettverket?fbclid=IwAR0t6xvAMpVJuWP49mDeyWbir5iVeKT-oVnPV0_koFi-IOFWYhh_Yz6x0sQ)

Vedlegg

1 Museene\_2017\_hordaland\_sognogfjordane